
Fra: Vidar Hoviskeland <vidar.hoviskeland@gmail.com>
Sendt: 14. oktober 2019 14:18
Til: Postmottak KUD; post@sprakradet.no
Emne: Ny språklov – høyringsfråsegn frå LNK

Kategorier: ARKIVERT I FOKUS

Freista å leggja inn fråsegna gjennom skjemaportalen, men fekk feilmelding. Sender difor på denne måten.

Vennleg helsing

Vidar Høviskeland

Ny språklov – høyringsfråsegn frå LNK

Kulturdepartementet

Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK) vil først gje ros til departementet for at det blir foreslått ei norsk språklov, og vil gje full støtte til formålsparagrafen slik han ligg føre. Vi vil understreka det viktige i å få ei lov som omfattar både norsk, norsk teiknspråk, dei samiske urfolksspråka og dei nasjonale minoritetsspråka. Vi trur også det er rett å la Språkrådet, som statens fagorgan for språk, få ei tydelegare og sterkare rolle i offentleg språkarbeid. LNK ser med uro på at vel funderte råd frå Språkrådet har vorte heilt oversedde, til dømes i samband med kommune- og fylkesreformene.

Vidare i fråsegna vår vil vi først og fremst peika på punkt vi ønskjer å få inn i lova, men òg punkt som vi meiner er særleg viktige.

1 Kven skal lova omfatta?

Vi stør her det som er omtalt som alternativ 1, der fylkeskommunane også blir omfatta av lova. Vi meiner at dette alternativet er i tråd med prinsippet nynorsk i *St.meld. nr. 35 (2007–2008) Mål og meining* om «at omsynet til nynorsk alltid skal vurderast eksplisitt når spørsmål som vedkjem norsk språk, blir tematisert.» Vi støttar derfor framlegget om at føresegnene i språklova skal gjelda fylkeskommunane.

LNK meiner vidare at Språklova må setja krav til offentlege tenester uavhengig av kven som tilbyr tenesta på vegner av det offentlege. Ei klargjering av dette vil både vera i tråd med

føremåla i lova, og samstundes redusera behovet for eigne vedtekter om språkbruk hos Posten Norge AS, Vygruppen AS og Avinor AS. Vi vil ut frå dette foreslå følgjande tillegg til § 2 i og j:

«§ 2 i) offentlig tilknytte organ: sjølvstendige rettssubjekt som har ei slik tilknytning til stat, fylkeskommune eller kommune at dei er omfatta av offentliglova § 2 første ledd, og føretak som utfører tenester på vegner av offentlege organ.

- 2 j) statsorgan: alle organ for staten og sjølvstendige rettssubjekt som har ei slik tilknytning til staten at dei er omfatta av offentliglova § 2 første ledd, og føretak som utfører tenester på vegner av offentlege organ og føretak som utfører tenester på vegner av staten.»*

LNK er vidare noko i tvil om unntaket i § 3 for Stortinget, Riksrevisjonen, Sivilombodsmannen og andre organ for Stortinget er i motstrid med formåla i § 1. Det er i dag, og ut frå formålsparagrafen, vanskeleg å finna ein tilfredsstillande argumentasjon for dette unntaket. Ei alternativ formulering til tredje ledd i paragrafen kan då vera:

«Kapittel 3 gjeld berre for den administrative delen av verksemda til statlege universitet og høgskular og i rettsstellet.»

2 Skal kompetansekravet vera individuelt? LNK er skeptisk til at kompetansekravet ikkje lenger er individuelt og vil derfor at § 16 skal lyda:

Tilsette i statsorgan og fylkeskommunale organ skal ha den skrivekompetansen som er nødvendig for at organet skal kunne bruka bokmål og nynorsk etter reglane i kapittel 2.

3 Språkplanar og språkmelding LNK meiner systemet med ei språkmelding frå regjeringa kvart fjerde år har vore viktig og bør vidareførast, til dømes med ei slik formulering:

«Kongen skal minst kvart fjerde år leggje fram for Stortinget ei melding om språk i Noreg.»

Det er viktig å sikra at språk er på dagsordenen i norske kommunar, og å understreka formålet i lovframlegget om å ta særleg omsyn til dei mindre brukte språka. Det bør derfor vurderast å innføra eit krav om at alle kommunar skal ha ein språkplan som det blir rapportert på. Eit mindre omfattande alternativ vil vera det Nynorsk Kultursentrum foreslår i høyringsfråsegna si:

«Kommunar som har minst éi elevgruppe eller éin skule med det som nasjonalt er det minst brukte skriftspråket etter § 2-5 i opplæringslova, skal vedta ein språkbruksplan som tek særleg omsyn til desse språkbrukarane.»

4 Institusjonar som er oppretta for å styrkja det minst brukte skriftspråket

LNK vil peika på at institusjonar som er stifta og finansierte for å fremja det minst brukte skriftspråket ikkje får pålegg om å veksla mellom nynorsk og bokmål eller å produsera skulemateriell på begge skriftspråka. Det gjeld til dømes Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa (del av Høgskulen i Volda), Det Norske Teatret og Nynorsk kultursentrum, som alle tre er omfatta av offentleglova.

5 Kva med dei som ikkje har norsk som morsmål? LNK meiner det bør vurderast om lovteksten bør ha med noko om kva rettar og reglar som skal gjelda for dei som har norsk som andrespråk eller norsk som framandspråk.

6 § 13 Parallell bruk av bokmål og nynorsk Ut frå erfaringar med dagens praksis rundt om i medlemskommunane meiner LNK at denne paragrafen er særleg viktig. Både kravet om at bokmål og nynorsk skal liggja føre samtidig både for sjølvbeteningstenester og i dokument for skulen, er grunnleggjande for å betra den situasjonen nynorskkommunane er i dagleg.

7 Kva med statsorgan eller fylkeskommunale organ som ikkje følgjer dette lovverket?

LNK vil understreka at det må finnast sanksjonar for organ som ikkje følgjer den nye lova. For det fyrste bør det slåast fast, i forskrift eller på annan måte, at å følgja språklova og rapportera på korleis ein gjer det, er eit sjølvstendig leiaransvar. For det andre kan ein tenkja seg at organet kan få sanksjonar mot seg, slik det er med somme andre lovverk.

Nynorsk kultursentrum har foreslått desse formuleringane:

«Språkrådet skal føre tilsyn med at krava i §§ 12–14 blir overhalde av statsorgan og regionale statsorgan. Fylkesmannen har tilsvarende mynde for fylkeskommune (alternativ 1). Språkrådet kan gi pålegg om retting mot ei verksemd som ikkje følgjer plikta om veksling mellom bokmål og nynorsk etter §§ 12–14 og forskrifter som følgjer av desse, og kan treffe vedtak om tvangsmulkt for å sikre gjennomføring av pålegget dersom fristen for å etterkome pålegget har gått ut.

Tvangsmulkt blir fastsett som eingongstvangsmulkt eller ståande dagmulkt. Tvangsmulkta byrjar å stå dersom frist for å etterkome pålegget går ut, og den skal stå fram til pålegget er oppfylt.

Avgjerd om det å gi tvangsmulkt kan treffast av styreleiar. Ein part kan krevje at ei avgjerd om tvangsmulkt skal prøvast på ny. Forvaltningslova §§ 28–6 gjeld tilsvarende.

Styret kan setje ned eller fråfalle tvangsmulkt når særlege grunnar talar for det.

Tvangsmulkta går til staten, og ho blir kravd inn av Statens innkrevjingsentral.

Departementet kan i forskrift gi reglar om storleiken til tvangsmulkta, varigheit og andre føresegner om fastsetjing og gjennomføring.»

Landssamanslutninga av nynorskkommunar vil til slutt peika på at innhaldet i lova vil få konsekvensar for andre eksisterande lover og lover som er i arbeid, og ber dykk ta omsyn til det. LNK ønskjer departementet lukke til med vidare handsaming av denne viktige saka.

Solfrid Borge (s) Vidar Høviskeland (s)

styreleiar i LNK dagleg leiar i LNK

--

Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK)

E-post: post@LNK.no

tlf.: 0047 90 50 66 17

Postadresse: Pb 7044 St.Olavs plass, 0130 OSLO

Kontoradresse: Pilestredet 8, OSLO

www.LNK.no

Org. nr. 9743 39943